

**KVALITETSMELDING FOR GRUNNSKULEN  
I ULSTEIN KOMMUNE 2021**



**ULSTEIN KOMMUNE**



## **Kvalitetsmelding for grunnskulen 2021 Ulstein kommune**

Den årlege kvalitetsmeldinga/tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

### **Lovkravet**

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskulelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skulene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

### **Innhald i kvalitetsmeldinga**

Kvalitetsmeldinga skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skuleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Kvalitetsmeldinga skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege på Utdanningsdirektoratet sine nettressursar, inneheld ikkje data om vaksne. Skuleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

### **Kvalitetsvurderingssystemet**

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skule eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skulen og mellom skolane og resultatane i dialogen med skuleeigaren.

### **Det generelle systemkravet**

Skuleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skuleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

### **Personvern**

Tal som blir lasta direkte inn frå Utdanningsdirektoratet sitt analysebrett, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1.

Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

## Innhald

<b>1.</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>6</b>
<b>2.</b>	<b>Hovudområder og indikatorar .....</b>	<b>7</b>
<b>2.1.</b>	<b>Elevar og undervisningspersonale .....</b>	<b>7</b>
<b>2.1.1.</b>	<b>Talet på elevar og lærarårsverk .....</b>	<b>7</b>
<b>2.2.</b>	<b>Læringsmiljø.....</b>	<b>10</b>
<b>2.2.1.</b>	<b>Elevundersøkinga .....</b>	<b>10</b>
<b>2.2.2.</b>	<b>Mobbing på skulen (prosent).....</b>	<b>12</b>
<b>2.3.</b>	<b>Læringsresultat .....</b>	<b>13</b>
<b>2.3.1.</b>	<b>Nasjonale prøver 5. steget .....</b>	<b>13</b>
<b>2.3.2.</b>	<b>Nasjonale prøver ungdomssteget.....</b>	<b>17</b>
<b>2.3.3.</b>	<b>Karakterar - matematikk, norsk og engelsk .....</b>	<b>18</b>
<b>2.3.4.</b>	<b>Grunnskulepoeng .....</b>	<b>19</b>
<b>2.4.</b>	<b>Gjennomføring.....</b>	<b>21</b>
<b>2.4.1.</b>	<b>Overgang frå grunnskule til VGO .....</b>	<b>21</b>
<b>3.</b>	<b>Konklusjon.....</b>	<b>22</b>

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

## 1. Innleiing

Alle elevar i Ulsteinskulen skal oppleve å høyre til i eit trygt og godt læringsmiljø på sin skule. Vi skal vere saman om meistring og mangfald. Skulane i Ulstein skal møte elevane med tillit, respekt og krav og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Elevane skal oppleve samanheng og meistring gjennom heile læringsløpet. Overordna del av læreplanen uttrykkjer kva verdiane som samlar Noreg som samfunn. Desse verdiane er grunnmuren i skulen. Formålet med opplæringa er at ho skal opne dører mot verda og framtida. Elevane skal utvikle kompetanse slik at dei kan meistre liva sine for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Elevane skal få utfalde seg med skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Verdiane skal gjerast levande og gi meining for kvar enkelt elev i skulen gjennom utvikling av haldningar og kompetanse. Verdiane skal prege skulane sitt arbeid, og eleven sitt beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn.

### **Skulane i Ulstein arbeider etter desse måla:**

- Elevane skal oppleve trygge og gode læringsmiljø i skule og SFO.
- Elevane skal oppleve god tilpassa opplæring som møter deira behov.
- Elevane skal lære gjennom å få vere kreative, skapande og utforskande.
- Elevane skal oppleve å ta ut potensialet sitt innanfor rammene av skulefellesskapet.
- Skulane skal samarbeide tett med føresette, arbeidsliv og lokalsamfunn.
- Dei tilsette i skulane skal delta i profesjonelle læringsfellesskap som saman utviklar Ulsteinskulen.

Målsetjingane for Ulsteinskulen skal verte synlege gjennom godt læringsarbeid. Elevane i Ulsteinskulen skal verte møtt med tillit, respekt og krav. Dei skal få utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Dei tilsette i Ulsteinskulen må i samarbeid med elevar, føresette og samfunnet rundt oss bygge gode læringsmiljø og tilpasse undervisninga for å møte behova til eleven og samfunnet.

## 2. Hovudområder og indikatorar

### 2.1. Elevar og undervisningspersonale

#### 2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

##### Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Ulstein kommune har fire barneskular og ein ungdomsskule med eit samla elevtal på 1050 (pr. 01.10.2021).

Elevtal pr. skule

Skule	Gutar	Jenter	Samla
Hasund skule	72	91	163
Haddal skule	33	27	60
Ulstein skule	37	38	75
Ulsteinvik barneskule	235	215	450
Ulstein ungdomsskule	156	146	302
Ulstein samla	533	517	1050

##### Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget.

2021-22				
Begge kjønn				
Alle eierformer				
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Antall lærere	Antall lærerårsverk	Antall lærerårsverk til undervisning	Antall assistentårsverk i undervisningen
- Hele landet	70 068	62 225,8	56 080,3	11 032,2
- Møre og Romsdal	3 727	3 292,6	2 983,6	670,4
- Ulstein	126	110,7	99,1	18,6
Haddal skule	11	10,0	8,6	1,1
Hasund skule	19	15,1	14,0	3,8
Ulstein skule	12	12,2	11,5	0,8
Ulstein ungdomsskule	38	33,1	27,4	5,9
Ulsteinvik barneskule	46	40,3	37,6	7,1

### Lærartettleik i ordinær undervisning

Skule	2019-2020	2020-2021	2021-2022
Hasund skule	13,98	13,58	14,36
Haddal skule	12,08	10,18	9,76
Ulstein skule	10,63	7,71	7,20
Ulsteinvik barneskule	16,34	16,80	13,96
Ulstein ungdomsskule	19,53	21,18	19,29
Ulstein samla	15,95	15,51	13,99

Ulstein kommune har samla sett nok lærarar til å imøtekomme lærarnorma. Vi ser at ein må gjere justeringar innad i skulen for at norma skal vere dekt på 1.-4.klassesteg. Andelen av lærarar med godkjent utdanning ligg på 99,4%.

Kostnadsrasjonell fordeling gir normal klassestorleik på rundt 30 elevar på ungdomsskulen og 28 elevar på barnesteget. Dette er utfordringar som kan gi utslag både fagleg og sosialt, derfor er det sett inn to kontaktlærarar på fleire klasser enn tidlegare.



Ulstein kommune fortsett å tilby vidareutdanning til lærarar som ikkje fyl kompetansekravet. I år er det heile 13 lærarar som tek vidareutdanning i høvevis matte, norsk, naturfag, profesjonsfagleg digital kompetanse og begynneropplæring. Det er tre lærarar som har fullført lærarspesialistutdanning innan matte, norsk og kunst og handverk. Tre tilsette er i gang med den nasjonale rektorutdanninga.

### Lærartettleik barne og ungdomstrinn

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn.

Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa.

### Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skulen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	2021-22		
	1.-4. årstrinn	5.-7. årstrinn	8.-10. årstrinn
	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer
	Lærertetthet i ordinær undervisning	Lærertetthet i ordinær undervisning	Lærertetthet i ordinær undervisning
- Hele landet	13,54	16,20	17,57
- Møre og Romsdal	12,84	15,01	17,32
+ Ulstein	11,05	14,25	19,29

	2019-20	2020-21	2021-22
	Alle trinn	Alle trinn	Alle trinn
	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Lærertetthet i ordinær undervisning	Lærertetthet i ordinær undervisning	Lærertetthet i ordinær undervisning
- Hele landet	15,84	15,72	15,54
- Møre og Romsdal	14,87	15,00	14,83
+ Ulstein	15,95	15,51	13,99

## 2.2. Læringsmiljø



### 2.2.1. Elevundersøkinga

Skulen skal arbeide for å utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Trygge læringsmiljø vert utvikla og oppretthaldt av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane.

Dei tilsette på skulen, føresette og elevane har saman eit ansvar for å fremje helse, trivsel og læring, og for å førebygge mobbing og krenkingar. God og tillitsfull dialog er eit gjensidig ansvar. Skulen må difor kommunisere tydeleg og relasjonsskapande med heimane om partane sitt ansvar, forventningar og rettar.

Det er obligatorisk for skuleeigarar og skuleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skuleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte frå lærarane
- Vurdering for læring
- Fagleg utfordringar
- Elevdemokrati og medverknad
- Andel elevar som har blitt mobba

## Resultat elevundersøkinga på 7. og 10. trinn - læringsmiljø

Spørsmålene i Elevundersøkinga...	2019-20						2020-21					
	Hele landet											
	Alle fylker		Møre og Romsdal				Alle fylker		Møre og Romsdal			
	Alle kommuner		Alle kommuner		Ulstein		Alle kommuner		Alle kommuner		Ulstein	
	Alle skoler		Alle skoler		Alle skoler		Alle skoler		Alle skoler		Alle skoler	
	7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn	7. årstrinn	10. årstrinn
Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	
Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	
Indikator - Spørsmål	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar	
+ Elevdemokrati og medvirkning	3.8	3.4	3.7	3.3	4.1	3.7	3.7	3.4	3.6	3.3	3.8	3.4
+ Faglig utfordring	4.0	4.3	3.9	4.2	3.9	4.2	4.0	4.3	4.0	4.2	4.0	4.0
+ Trivsel	4.3	4.1	4.2	4.2	4.5	4.4	4.2	4.1	4.1	4.1	4.3	4.2
+ Mestring	4.0	3.9	4.0	3.9	4.2	3.9	4.0	3.9	4.0	3.9	4.2	4.0
+ Utdanning og yrkesveiledning		3.8		3.9		4.0		3.8		3.8		3.7
+ Støtte fra lærerne	4.4	4.0	4.5	4.0	4.7	4.1	4.4	4.1	4.4	4.1	4.6	4.1
+ Vurdering for læring	3.9	3.3	3.8	3.2	4.0	3.5	3.8	3.3	3.8	3.3	3.9	3.4

### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

## Skuleeigar si vurdering

Resultata frå elevundersøkinga indikerer at det vert jobba godt i Ulsteinskulane. Jamt over er resultata betre enn snittet i på både fylke og nasjonalt nivå.


Det har vore arbeidd kontinuerlig og systematisk med skulemiljø i Ulstein kommune i fleire år. Kapittel 9A i Opplæringslova med skjerpa aktivitetsplikt har ført til at skulane har utarbeidd enno betre system og handterer saker om mobbing eller krenking med ein gong dei oppstår.


Samarbeid med heimane er viktig for å få til eit godt læringsmiljø på skulen. Vi opplever at vi i Ulstein kommune har føresette som set pris på eit godt samarbeid med skulen og som er interesserte i læringa til borna sine.

### 2.2.2. Mobbing på skulen (prosent)

Mobbing på skulen viser prosentdelen elevar som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.

Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skulen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.





### Skuleeigar si vurdering

Tala viser at det er få elevar som rapporterer om mobbing på 7. og 10. trinn. Talet på elevar som melder om mobbing har gått nedover dei siste åra og det er sjølvsagt gledeleg. Trygt og godt læringsmiljø er eit av hovudssatsingsområda i Ulsteinskulane og skulane vil fortsette sitt systematiske arbeid for at ingen skal oppleve dette.

### 2.3. Læringsresultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

#### 2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget

##### Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK20. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

## Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK20. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

## Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK20. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.


Opgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster


På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonane viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

## Resultat 2021

### 5. trinn nasjonale prøver




### Skalapoeng – lesing 5. trinn



Ulstein kommune (EIER) - offentlig, Fylke, Nasjonalt, Alle eierformer, Begge kjønn

### Skalapoeng – engelsk 5. trinn



Ulstein kommune (EIER) - offentlig, Fylke, Nasjonalt, Alle eierformer, Begge kjønn



## 2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteget

2021-22									
	Engelsk			Lesing			Regning		
	8. årstrinn			8. årstrinn			8. årstrinn		
	Alle eierformer			Alle eierformer			Alle eierformer		
	Begge kjønn			Begge kjønn			Begge kjønn		
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt
- Hele landet	50	0,1	61 561	50	0,1	61 538	50	0,1	61 689
- Møre og Romsdal	49	0,3	3 091	49	0,3	3 083	49	0,3	3 088
+ Ulstein	50	2,0	94	50	2,1	94	50	1,9	91

### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

2021-22							
	Lesing			Regning			
	9. årstrinn			9. årstrinn			
	Alle eierformer			Alle eierformer			
	Begge kjønn			Begge kjønn			
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	Skalapoeng	Usikkerhet	Antall elever deltatt	
- Hele landet	53	0,1	59 296	53	0,1	59 270	
- Møre og Romsdal	53	0,3	3 053	53	0,3	3 068	
+ Ulstein	57	2,0	91	57	1,9	92	

### Symbolforklaring

- \* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet
- ✗ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

## Skuleeigar si vurdering

Resultat frå nasjonale prøver på 5. årssteg viser at elevane ved skulane i Ulstein kommune gjer det godt. Vi har resultat over landssnitt på matematikk og engelsk, medan resultatet i lesing er på landssnittet.

Resultat frå ungdomstrinnet viser gode resultat. Elevane i Ulstein oppnår resultat på landssnittet på 8. trinn. På 9. trinn er resultatata godt over fylkes – og landssnitt.

Skulane held fram lesesatsinga i samarbeid med Høgskulen i Volda, Nynorsksenteret og Lesesenteret arbeide for å heve lesekompetansen og leseglede i skulane. Lesing vert satsingsområdet Ulstein skal arbeide med i desentralisert kompetanseheving framover. (DeKomp).

### 2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget.

Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Oversikt over utviklinga av standpunkt og eksamenskarakterar nasjonalt og i Ulstein kommune.

Matematikk	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21
Ulstein Eksamen	2,7	3,2	3,4	3,6	4,2	-	-
Nasjonalt Eksamen	2,9	3,3	3,4	3,6	3,6	-	-
Ulstein standpunkt	3,2	3,6	3,5	3,9	4,0	3,9	4,1
Nasjonalt standpunkt	3,5	3,5	3,6	3,7	3,7	3,8	3,8

Norsk							
Ulstein Eksamen	3,0	3,9	3,2	2,9	3,5	-	-
Nasjonalt Eksamen	3,4	3,5	3,4	3,5	3,4	-	-
Ulstein standpunkt	3,6	4,1	3,5	3,8	4,0	4,1	4,1
Nasjonalt standpunkt	3,8	3,8	3,8	3,9	3,9	4,0	4,0
Engelsk							
Ulstein Eksamen	3,6	3,7	3,7	3,7	3,7	-	-
Nasjonalt Eksamen	3,7	3,6	3,8	3,7	3,7	-	-
Ulstein standpunkt	3,7	3,9	4,0	4,0	4,1	4,0	4,3
Nasjonalt standpunkt	3,9	3,9	3,9	4,0	4,0	4,1	4,1

### Skuleeigar si vurdering

Resultata av sluttvurderinga syner at elevane ligg på eller over landsgjennomsnittet i matematikk og engelsk. På grunn av Covid-19 har det ikkje vore eksamen dei siste to skuleår.

#### 2.3.4. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skule.

Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10. Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av

faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven. Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.


## Grunnskolepoeng 10. trinn

### Grunnskolepoeng 2020-21

43,2 <sup>41,5</sup>  
i fjor

#### Utvikling i grunnskolepoeng

Skoleårene 2019-20 og 2020-21 er grunnskolepoeng kun basert på standpunkt karakterer. NB: Y-aksen starter ikke på null.



Ulstein kommune (EIER), Alle eierformer

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	2018-19		⚡ 2019-20		2020-21	
	Alle eierformer		Alle eierformer		Alle eierformer	
	Begge kjønn		Begge kjønn		Begge kjønn	
	Grunnskolepoeng	Antall elever	Grunnskolepoeng	Antall elever	Grunnskolepoeng	Antall elever
- Hele landet	42,0	58 750	43,2	59 245	43,3	58 945
- Møre og Romsdal	42,0	3 161	43,1	3 204	43,0	3 109
+ Ulstein	41,7	107	41,5	120	43,2	137

#### Symbolforklaring

\* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet

⚡ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

## Skuleeigar si vurdering

Trenden viser at det er ei jamn positiv auke i grunnskulepoeng i Ulstein kommune. Kommunen ligg litt no over snittet for Møre og Romsdal og om lag på nasjonalt snitt.

### 2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet.

#### 2.4.1. Overgang frå grunnskule til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen.

	2016	2017	2018	2019	2020
	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn
Nasjonalt - Fylke - Kommune	Andel overganger	Andel overganger	Andel overganger	Andel overganger	Andel overganger
- Hele landet	98.4	98.1	98.0	98.0	98.2
- Møre og Romsdal	98.9	98.8	97.8	98.3	98.8
Ulstein	100.0	100.0	98.5	*	99.2

#### Symbolforklaring

\* Tall som er unntatt offentlighet/skjermet

⚡ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke direkte sammenlignbare med tidligere år.

## Skuleeigar si vurdering:

Ulstein ungdomsskule arbeider aktivt og strukturert i høve utdannings- og yrkesretteleing. Arbeidet er mellom anna systematisert gjennom Plan for samarbeid skule - arbeidsliv. Målet er at samtlige elevar skal ha høve og motivasjon til vidare opplæring i tråd med føresetnadane og interessene sine. Tala viser at 99,2 % av elevane gjekk inn i vidaregåande opplæring i 2020. Tal frå 2021 er ikkje tilgjengelge enno.

### 3. Konklusjon

Kvalitetsmeldinga er ein del av det ordinære plan – og rapporteringsarbeidet til skuleeigar og har kvalitetsutvikling som siktemål. Dei områda som er sett lys på i denne kvalitetsmeldinga tilseier at skulane i Ulstein jobbar godt, har godt kvalifiserte tilsette og oppnår resultat i tråd med eller over målsetjingane. Skulane i Ulstein er lærande organisasjonar og jobbar systematisk for å utvikle seg. Utviklingsarbeidet skjer i samarbeid med skulen sine samarbeidspartnarar, næringsliv, lokalsamfunn og føresette. Skulane i Ulstein har også dette året nådd gode resultat på nasjonale prøver og vi ser dette som ein konsekvens av at vi har kompetente og dyktige tilsette som samarbeider godt om elevane si læring. Ved alle skulane arbeider ein målretta for å skape gode system som skal sikre lærings- og arbeidsmiljøa. Skulane i Ulstein er prega av samarbeid og læring. Vi har dyktige leiarar som gjennom systematisk kvalitetsarbeid utviklar stabile og positive profesjonsfellesskap prega av fornying og forbetring. Dette er i tråd med intensjonane i nytt læreplanverk.